

**KVA SKJER I BYGLAND?**
**Juli 2020**

| | ARRANGØR; STAD | TID | ARRANGEMENT |
|---|---|---|---|
| onsdag 01.07. | Bjoren; Bygland brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| | Årdal Skytterlag, skytebane | kl. 17.00 | Storviltprøve/trening |
| sundag 05.07. | Bjoren; Bygland brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| 05.-12.07. | Bibel- og Naturcamp; KVS-Bygland | | Bibel- og Naturcamp (sjå eigen innlegg) |
| onsdag 08.07. | Bjoren; Bygland brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| sundag 12.07. | Bjoren; Bygland brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| | Kyrkjene i Bygland | kl. 11.00 | Gudsteneste på KVS-Bygland |
| Tysdag 14.07. | Setesdalsmuseet; Revsnes hotell, Byglandsfjord | kl. 21.00 | Sommarkonsert med Sigrid B. Berg og Daniel Sandén Warg |
| onsdag 15.07. | Bjoren; Byglandsfjord brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| 17.-26.07. | Byglands Luftsportsklubb; Bygland museumstun | | Gamaveka Extreme 2020 (sjå eigen innlegg) |
| sundag 19.07. | Bjoren; B-fjord brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| | Kyrkjene i Bygland | kl. 12.00 | Gudsteneste på Austadneset |
| onsdag 22.07. | Bjoren; B-fjord brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| laurdag 25.07. | Bjoren Brygge | kl. 20.00 | Konsert: Brygga Rock Session |
| sundag 26.07. | Bjoren; B-fjord brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| onsdag 29.07. | Bjoren; Bygland brygge | kl. 11.00 | Bjoren open tur |
| | Kyrkjene i Bygland | kl. 18.00 | Olsoks-gudsteneste i Sandnes kapell, Sandnes |
| fredag 31.07. | Bjoren Brygge | kl. 21.00 | Konsert: Folkemusikkpub |

Bygland Jeger og Fiskarlag informerer: Leirdueskyting - onsdagar (01./08./15./22. og 29.07.) kl. 18.00 Leirduebanen i Bygland, ved R9 rett før krysset til Åraksvegen

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**



# Byglandsnytt nr.11 - juli 2020

## Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
***Neste utgåve: 3. august** - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 24.07.*
Bygland kommune si heimeside er: www.bygland.kommune.no

**Politiske møte, sakspapir og protokollar:** www.bygland.kommune.no/innsyn
Plan, miljø og ressursutvalet: 02.07. kl 09.00

**Opningstider Bygland kommunehus**
**Publikumsmottak**: måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
**Legekontor:** Vanlege opningstider
**NAV:** Rettleiingssentret på Bygland er foreløpig stengt for besøk utan avtale. NAV tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

**Opningstider Bygland museumstun**



- **Bygland turistkontor**

(eit samarbeide mellom Bygland kommune og Setesdalsmuseet; Presteneset, Bygland)
20. juni – 16. august, dagleg kl. 11.00 – 17.00



- **Bygland museum**

22. juni – 15.august, dagleg kl. 11.00 – 17.00
gratis inngang
(Bjoren turplan, sjå ekstra side)

**Bygland kommune ønskjer alle ein riktig god sommar!**



**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

**Gratis sommarkonsertar i Setesdal 2020**




## Velkomen til gratis sommarkonsertar i Setesdal 2020


Kirsten Bråten Berg. Foto: Knut Utler

**Furumo restaurant, Hovden fredag 3.7 kl. 14**
Kirsten B. Berg og Daniel Sandén Warg


Daniel Sandén Warg

**Sølvgarden hotell, Rysstad laurdag 4.7 kl. 21**
Kirsten B. Berg og Daniel Sandén Warg

**Refsnes hotell, Byglandsfjord tysdag 14.7 kl. 17**
Sigrid B. Berg og Daniel Sandén Warg


Sigrid Bjørgulvsdotter Berg

**Bergtun hotell, Valle fredag 17.7 kl. 14**
Kirsten B. Berg og Daniel Sandén Warg

**Dølen hotell, Evje fredag 17.7 kl. 20**
Kirsten B. Berg og Daniel Sandén Warg

Setesdalsmuseet
VEL BEVART, GODT FORTALT
Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS, saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.

- Sjølve bygningsarbeidet på Bygland RA vil mykje truleg vere ferdig innan sommarferien. Arbeidet med sjølve reinseteknologien er litt forseinka, men det er von om at arbeidet startar opp med det fyrste. Målet er at brannstasjonen skal vere operativt f o m 01.09.2020.
- Det er montert nytt autovern på vegen til Haugetveit og Gausi.
- Frå midten av august får uteseksjonen lærling i byggdrifterfaget. Marwan Ahmed Alkadi vil ha læretida si på uteseksjonen, og han bur i kommunen vår og har kone og fire barn. Tak godt imot Marwan, han blir å sjå rundt på anlegga våre som alle andre frå uteseksjonen!

## Økonomi og næring

### «Opplev Bygland» - imagefilm om Bygland kommune




Setesdal Vekst i samarbeide med Visit Setesdal har laga ein flott imagefilm om Bygland kommune som blir lagt ut på både Facebook og Instagram.

### Kontor til leige



Byglandstunet AS leiger ut kontor som næringsdrivande kan leige fast. I 2020 er det tilbod slik at nye leigetakarar kan leige kontor gratis i 3 månadar, og deretter for halv pris ut året.

Tilbodet gjelder kontora i tidl. Lensmannskontoret (Sentrum 14). Dei som er interesserte i å leige kontor, kan ta kontakt med dagleg leiar i Byglandstunet AS, Knut Olav Forgard (per e-post: knut.forgard@bygland.kommune.no), for meir informasjon.

### Nye leigetaker i førrige bankbygg i Bygland sentrum

Løyning AS v/Rune Sliper, Prosjekthuset AS v/ Tone Straume Wikeland og Dagfin Skaar AS v/Øyvind Skaar har nyleg signert leigekontrakt i Sentrum 14, Bygland. Dei skal leige eitt kontor, og bytte på når dei ulike selskapa skal ha kontordag på Bygland.
Selskapa tilbyr rådgjevande tenester innan VVS, elektro (Løyning), prosjektleiing, prosjektutvikling, prosjekteringsleiing, byggesøknadar (Prosjekthuset AS), bygg- og anleggsteknikk, rehabilitering, tilstandsvurderingar og brannprosjektering (Dagfin Skaar AS).



**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

<u>**Oppvekst**</u>

### Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter



- Barnehage held ope i heile sommar bortsett frå veke 29, 30 og 31, då er det sommarstengd.
- SFO har ope ut i frå behov, men held sommarstengd veke 29, 30 og 31.
- Både barnehagen opnar att etter ferien måndag 3. august.
- Oppstart for elevane på skulen er **måndag 17. august**.

**SFO** opnar att måndag 3. august, sjølv om ikkje alle barna startar opp då. Vi veit ennå ikkje noko om kva for nivå vi då vil vere på i forhold til smittevern, men her er litt praktisk informasjon som vil gjelde for SFO uansett.

- Barna må vaske hendene før dei drar heimanfrå og når dei kjem til SFO.
- SFO held framleis til på skulen – i 2. etg over kulturscenen.
- Levering og henting: Det vil vere informasjon på ytterdøra om korleis de skal gjere dette.
- Barna må ha med all mat dei treng i løpet av dagen (tre måltid om dei et frukost også på SFO) + drikkeflaske.
- Barna kan ha med badetøy om dei vil.

Ved spørsmål må de ikkje nøle med å ta kontakt:
**Lene Fjerdingstad -** Ass.tenesteleiar, Bygland oppvekstsenter, avd. skule
**M** +47 97 50 64 14 | **T** +47 37 93 53 71
**E** lene.fjerdingstad@bygland.kommune.no

<u>**Helse og omsorg**</u>

### Koronatelefon ble avvikla

Koronatelefonen ble avvikla den 9. juni. Det vil bli gjort kontinuerlege vurderingar i høve smittesituasjonen om ein skal opne den opp att.



<u>**Kultur**</u>

### Bygland folkebibliotek sommarstengt

Sommarferien på biblioteket blir vekene 28 til og med 32. Siste biblioteksdag der du kan låne bøker er torsdag 02.07.
Biblioteket opnar att igjen på måndag 10.08.



### Kulturpatrulja konsertplan 2020




**Sommaren 2020**

På grunn av covid-19-viruset har vi i år organisert Kulturpatrulja på ein ny måte med konsertar på faste stader. Hovudarena er Sylvartun, der Setesdalsmuseet har utstillingar. Den andre arenaen er Bykle kyrkje.

Båe stader vert det inviterer vi til minikonsertar med unge lovande folkemusikererar.

Kvedaren **Vetle Tveiten Hoslemo (16)** møter du i Bykle kyrkje. Han er velkjend for dei fleste med sin imponerande finaleplass i Norske Talenter for eit par år sidan.

**Eldbjørg Trydal Rysstad (14)** er også kvedar, og har trass sin unge alder gjort seg bemerka på folkemusikkfestivalar og konsertar i fleire år. Eldbjørg har sine konsertar på Sylvartun.

På Sylvartun er museumsverten **Eivind Knutsen (20)** også ein framifrå fele– og munnharpespelar. Han har vunne landskappleiken for munnharpe junior tre gonger, og har gode plasseringar på hardingfele.

**Vetle Tveiten Hoslemo** høyrer du i Bykle følgjande dagar **kl. 13**:
**29.6, 1.7, 6.7, 8.7, 13.7, 15.7, 20.7, 22.7, 27.7, 29.7**

**Eldbjørg Trydal Rysstad** høyrer du på Sylvartun (4 km nord for Rysstad) følgjande dagar **kl. 13**:
**30.6, 2.7, 3,7, 14.7, 16.7, 17.7, 28.7, 30.7, 31.7**

**Eivind Knutsen** spelar på Sylvartun (4 km nord for Rysstad) følgjande dagar **kl. 13**:
**7.7, 9.7, 10.7, 21.7, 23.7, 24.7, 6.8, 7.8, 11.8, 13.8, 14.8**

**Setesdalsmuseet**
VEL BEVART, GODT FORTALT
Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS, saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Bjoren turplan 2020




| | |
|---|---|
| Sundag 21. juni | kl. 11.00 Byglandsfjord |
| Sundag 28. juni | kl. 11.00 Byglandsfjord |
| Onsdag 01. juli | kl.11.00 Bygland |
| Sundag 05. juli | kl.11.00 Bygland |
| Onsdag 08. juli | kl.11.00 Bygland |
| Sundag 12. juli | kl.11.00 Bygland |
| Onsdag 15. juli | kl.11.00 Byglandsfjord |
| Sundag 19. juli | kl.11.00 Byglandsfjord |
| Onsdag 22. juli | kl.11.00 Byglandsfjord |
| Sundag 26. juli | kl.11.00 Byglandsfjord |
| Onsdag 29. juli | kl.11.00 Bygland |
| Sundag 02. august | kl.11.00 Bygland |
| Onsdag 05. august | kl.11.00 Bygland |
| Sundag 09. august | kl.11.00 Bygland |
| Sundag 16. august | kl.11.00 Byglandsfjord |

Om turane kl.11.00 er utselde vert det sett opp ekstraturar kl.13.00 og 15.00

**Bestill billettar på www.bjoren.no**

**BILLETTPRISAR:**

**Familie: Kr. 600,00** **Vaksne: Kr. 250,00** **Born: Kr. 150,00**

BOOKING OPNE TURAR:
**Setesdalsmuseet**
Del av Aust-Agder museum og arkiv

**www.bjoren.no**

**Telefon : +47 904 78 160 / 995 18 203**
**Epost: bjoren@setesdalsmuseet.no**

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Sommarles 2020




Endeleg sommar og ny Sommarles!
Delta i Noregs største og kulaste lesekampanje! - Meir informasjon: sommarles.no
Kvar måndag kl. 11.00 blir det publisert nytt kodeord på kommunen sin Facebook-side.

## Gudstenester



sundag 12.07. kl. 11.00 KVS-Bygland
sundag 19.07. kl. 12.00 Austadneset

onsdag 29.07. kl. 18.00 Olsoks-gudsteneste;
Sandnes kapell, Sandnes

**Kyrkjekontoret i Bygland**
Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711, Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

### Bibel- og Naturcamp




på KVS-Bygland - 5. – 12. juli 2020
«Midt i hjertet av Setesdal»

Påmelding og informasjon:
Olav Nilsen; tlf.: 982 99 711
e-post: kbnilsen@hotmail.com
www.bibelognaturcamp.no

## Bygland Frivilligsentral

### Utstyrssentralen ope i sommar



Har du lyst å finne på noko i sommarferien, då kan det hende me har det du treng! Ring: 945 02 858.
Våre utrulege flotte **frivillige** vil halde utstyrssentralen ope gjennom sommaren.

Ein kan ikkje forvente at dei møter opp til alle tider, og ved alle behov, fordi dette er folk som arbeider fullt utanom, og kan gjerne berre på kveldar. Me ber om forståing for det.
Me får stadig inn nytt utstyr. - **Utstyrssentralen**: tlf.: 945 02 858

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

### Frivilligsentral får brukarråd til hausten



Etter feriene vert frivilligsentralen organisert slik:

1. Dei tilsette i Frivilligsentralen er å sjå på som fast tilsette i kommunen med rettar/plikter på lik line med andre tilsette i kommunen og er dermed organisert under kommunedirektøren.
2. Det blir oppnemnd eit brukarråd beståande av 5 representantar som representerar brukarane valt av dei friviljuge sine organisasjonar.
3. Det må lagast retningsliner som klargjer ansvaret mellom kommunedirektøren og brukarrådet.

Leiar i frivilligsentralen, Anne Fauske, vil og ha rådet for eldre og funksjonshemma og ungdomsrådet med i denne prosessen.
**KONTAKT*: Anne Fauske/Bygland frivilligsentral***
tlf.: 945 10 770 - Sentrum 18, 4745 Bygland; e-post: post@bygland.frivilligsentral.no

### Tømekalender for Bygland kommune – juli 2020

***Matavfall og restavfall***: veke 27: torsdag 02.07. og veke 31: torsdag 30.07.
***Papir og plast***: veke 29: tysdag 14.07.
***Matavfall og glas/metall***: veke 29: torsdag 16.07.

**Nesmoen** Gjenvinningsstasjon: open kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (08.07.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (25.07.)
**Syrtveit**: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00-14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (11.07.)

***Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS***
e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

***Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 11:***
*Bilete: Framside: Odd Rømteland/nrk, Innhald: Nina Bygland, Marit S. Kvaale, Valborg Attestog, pixabay.com, Visit Setesdal, Knut Olav Forgard, sommarles.no, Bibel og Naturcamp, Anne Fauske, Susanne Hegenscheidt; Kva skjer: Valborg Attestog. Tusen takk til alle fotografane!*
*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Liv Elin Frøysnes Berg*
*Neste utgåve Byglandsnytt: 03. august 2020 – **GOD SOMMAR!***

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Forskjellig

### Gamaveka Extreme 2020 - Paraglider og hanglider festival på Bygland, 17. -26. juli



Bygland Luftsportsklubb ønskjer både nye og erfarne piloter velkomne til Gamaveka Extreme 2020!
Det blir mest vinsjing etter båt denne veka, men det er fleire startbare fjell i området som gjerne må benyttes! Det går shuttlebil til Byglandslia på flybare dager!
Under Gamaveka er det gratis å overnatte i telt, bil, bobil, campingvogn eller hengekøye for registrerte arrangementdeltaker. Avgiften for avfall og administrasjon er kr. 50,- for ikke-piloter og kr. 100,- for piloter.
Gamaveka er et familievenleg arrangement, så ta gjerne med heile familien.
Gamaveka satser også på at korona-restriksjonene gir oss mulighet for å gjennomføre introduksjonsturer, også for dei som sitter i rullestol!
Det er god plass på Bygland, og man kan enkelt holde 1 meters avstand gjennom hele arrangementet. Hugs og god handhygiene!
Velkomen til både piloter, interesserte, gjester og bygde folk!

Les meir: https://www.blsk.no/index.php/gamaveka-extreme/gamaveka-extreme-2020 eller https://www.facebook.com/gamaveka/

### Jubileumsutstilling Annemor Sundbø 70 år ble utvida året ut




Utstillingen «Spelsau og samspel» på Setesdalsmuseet i Rysstad er open dagleg kl. 11.00 – 17.00 fram til 15.08.
Deretter kvardagar måndag – fredag kl. 10.00 – 15.00.
Annemor Sundbø er vinnar av Sørlandets litteraturpris 2020.

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**